



Denne skissa viser kvar tomannsbustadan og ein av dei 3 einebustadane skal liggja. Avkjørselen frå fylkesvegen er lengst nede til høgre

I eit årelangt perspektiv har det ikkje skjedd så mykje i det

største bustadfeltet i Uskedalen - Ospelunden - som skal gje plass for 65 bustader. Men no vert det snart meir byggeverksemd der. No har Ospelunden Grunneigarlag sendt nabovarsel der det varlast frådelling av tomter til 3 einebustader og eit felt med 5 tomannsbustader. 2 av einebustadtomtene ligg i nærleiken av Oddbjørn Kroka sitt hus og den tredje lenger oppe. Dei 3 tomtene er selt. Tomannsbustadane ligg ved det som skal verta ei ny innkjørsel frå fylkesvegen.



Slik skal 2 av einebustadane liggja. Den gule vegen er fylkesvegen

Denne avkjørselen blir litt lenger nede enn den noverande og den blir knytta til ein ny veg som vil gå litt nærare fylkesvegen enn den noverande. Ei anna veg-grein fører opp i det nye bustadfeltet og går i ein boge rundt tomannsbustadane.

Dei to einebustadtomtene nær Kroka sitt hus skal bebyggjast først medan den tredje ligg noko lenger framme i tid. Kvinnherad Bygg kan ikkje no seie eksakt når byggjinga kan starte men det er grunn til å tru at det kan skje i løpet av hausten. Det står enno att ein del formalitetar knytt til dei tekniske anlegga.

Av Ola Matti Mathisen